



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
33/22	Plan- og forvaltningsutvalet	07.04.2022

Politisk behandling - Planendring for Botn bustadfelt - planid 2016004

Rådmannen si tilråding:

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune vedtek å legge forslag til revidert detaljreguleringsplan Botn planid 2016004 datert 17.03.2022 ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningsloven § 12-10.

Plan- og forvaltningsutvalet 07.04.2022

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PFU - 33/22 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune vedtek å legge forslag til revidert detaljreguleringsplan Botn planid 2016004 datert 17.03.2022 ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningsloven § 12-10.

Samandrag:

Plaendringa har som føremål å dele BKS4 i 2, samt auke utnyttingsgrad.

Utval som har vedtaksmynde: PFU

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Delegeringsreglementet

Fakta:

I gjeldande reguleringsplan er det eit område kalla BKS4 på nesten 17 daa regulert til bustadføremål, jf utsnitt frå kart under. Det er krav i føresegnene om at BKS4 skulle detaljplanleggjast under eitt.



Tiltakshavar ser det som utfordrande å planlegge heile dette arealet under eitt, og ønskjer å dele det i to. Dei ønskjer dessutan å auke utnyttingsgraden av området. Det vert vist til vedlegg 3 for forklaring av endring.

Vedlegg 3 er dessutan ei grei oppsummering av prosess, innkomne merknader og vurdering av desse, samt vurdering av eit par moment som vart teke opp i oppstartsvarslet.

Rådmannen meiner dette dokumentet på ein god måte summerer opp denne saka så langt, og viser til dette vedlegget for informasjon om endring av gjeldande plan.

Rådmannen tek elles vurdering av behov for ny ROS-analyse til vitande.

Vurdering:

Rådmannen ser at det kan vere lurt og rasjonelt å dele planlegginga av BKS4 i to område, spesielt då eigedommen 155/156 deler området i to. Rådmannen stør at utnyttingsgraden for området vert auka, men ser også utfordringa Statsforvaltaren tek opp med omsyn til leikeareal og uteopphaldsareal.

Rådmannen rår til at forslag til revidert plan vert lagt ut til offentleg ettersyn.